

40 prosent manglar DAB

Eitt år før ein startar med å stenge ned dei riksdekkjande FM-sendingane har 60 prosent av husstandane minst ein digital radio, ein DAB-radio. Det vil seie at framleis har 40 prosent ikkje skaffa seg ein slik radio. Stenginga av det analoge FM-nettet startar i januar 2017. Nordland er først ute. I 2013 var det 0,8 millionar digitale radioar i Noreg. I fjor var talet kome opp i 2,8 millionar kroner. Tala stammar frå digitalundersøkinga som TNS

Gallup har gjort for Digitalradio Norge AS. Digitalundersøkinga er den offisielle målinga av digital radiolytting. Folk i undersøkinga seier at fleire kanalar og god lyd er det dei set mest pris på ved DAB-radioen. 26 prosent har DAB-radio i bilen, det vil seie at 74 prosent ikkje har og må kjøpe ny radio eller adapter for å kunne lytte på radio i bilen neste år. Vel halvparten, 57 prosent, av oss høyrer på digital radio, enten via nett, tv eller DAB.

Tips kån:

redaksjon@boblad.no
Tlf. 35 95 19 45



KOMMUNEREFORMA

Gevinsten er alt brukt

– I intensjonsavtala står det at den nye kommunen skal ha 1,75 prosent i driftsoverskot. Det har ingen av dei i dag, dermed er kanskje så mykje som halvparten av effektiviseringsgevinsten på 15 millionar brukt opp.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

Det seier forskar ved Telemarksforskning Kjetil Lie.

Han understrekar at det er eit godt og fornuftig mål ha eit årleg netto driftsresultat (driftsoverskot) på 1,75 prosent.

– Men ingen av dei tre kommunane er der i dag og det vil koste å kome dit, seier Lie.

Han kan ikkje seie akkurat kor mykje som vil gå til dette, men anslår at det kanskje blir halvparten av effektiviseringsgevinsten på 15 millionar kroner årleg som er lagt inn i avtala.

– Det er det viktig å vere klar over, seier Lie.

Han peikar også på at det står i avtala at effektiviseringsgevinsten skal brukast til å heve kvaliteten på tenestene til kommunen.

– Skal ein gjere det vil det seie at ein for eksempel må spare 20 millionar kroner på administrasjon og bruke fem av dei 20 til å styrke tenesteproduksjonen, seier Lie.

Han seier også at det at ordet gevinst blir brukt gjer at mange oppfatar det som om at ein får pengar frå staten, men det får ein ikkje.

– Staten bidreg med mindre midlar til ein ny kommune, seier Lie.

Diskusjon om økonomien

Den økonomiske effekten av ei samanslåing har vore mykje debattert dei siste to vekene. Ordførar Olav Kasland sa etter signeringa av intensjonsavtalen til Vården at ei samanslåing ville gi ein milliardgevinst. Det slakta forskarane på Telemarksforskning. Dermed var debatten i gang og Midt-Telemarkrådet,



Økonomiske konsekvensar. Ingen kan enno seie eksakt dei økonomiske konsekvensane av ei kommunesamanslåing. F.v. Hans G. Jørgensen, varaordførar Nome, Bjørg Tveito Lundefaret, ordførar Nome, Olav Kasland, ordførar Bø, og Mette Haugholt, ordførar Sauherad under forhandlingane om ei intensjonsavtale i Midt-Telemark.

Telemarksforskning og Fylkesmannen hadde møte og diskuterte tala i førre veke. Per Dæhli frå Fylkesmannen var til Kommunaldepartementet for å få tala kvalitetssikra. Men tala viste framleis det same som Bø blad skreiv i avisa 14. januar, det er lite å tene økonomisk. (På grunn av at pressemeldinga kom etter Bø blad hadde gjort ferdig avisa fekk me ikkje den med i avisa 21. januar, men den står omtalt på nettsida.)

Tala som dei tre partane er einige om og som stod i pressemeldinga:

- Kommunane får 50 millionar kroner i eingongsstønad til å

etablere den nye kommunen.

- Når dei tre kommunane slår seg saman, fell basistilskotet bort for to av dei. Det blir kompensert med eit inndelingstilskot som blir betalt ut i 20 år, totalt 255 millionar kroner.

- Dei vil spare 300 millionar kroner (15 mill per år) i effektivisering dei første 20 åra, og 300 millionar kroner dei neste 20 åra.

- Etter 20 år misser ein samanslått kommune inndelingstilskotet, det vil seie 600 millionar kroner dei neste 20 åra.

- Den økonomiske effekten dei første 20 åra er berekna til å

bli på 605 millionar kroner.

Over 40 år blir effekten rekna ut til å vere 305 millionar kroner.

Grunnen til 40-årseffekta er at ein misser inndelingstilskotet etter 20 år. Kommunane som ikkje slår seg saman held fram med å få basistilskotet, men signala tyder på at det blir mindre enn i dag. Eingongstilskotet på 50 millionar skal brukast på omstillingskostnader.

Arbeidsgjevaravgifta

I Nome kommune har ein lågare arbeidsgjevaravgift enn i Bø og Sauherad. Kjetil Lie opplyste då pressemeldinga kom i førre veke at i reknestykka over føreset ein at dei tre kommunane har same

kostnader til arbeidsgjevaravgift som no, det vil seie at det blir kompensert dersom Nome-delen får høgare avgift. Det er ikkje gitt noko signal om kva som faktisk vil skje. Dette gjeld kommunen og ikkje privat næringsliv.

No har det kome ein epost frå kommunalminister Jan Tore Sanner. Der skriv han at Nome vil få lågare sats fram til 1. januar 2021, då kjem det nye reglar. Etter det vil den nye kommunen bli behandla som ein. Den samanslåtte kommunen tilfredsstillar ikkje reglane til redusert sats slik reglane er i dag.